

Innkomene endringsforslag og voteringsorden for dei to plattformaren.

Del 1: Innkomne forslag til endringar i vedtektene til Studentparlamentet i Volda

Til informasjon orden:

Endringsforslag: 1, 2, 3, 4, 5, 8, 9, 11, 16, 18, 21 og 25 er mindre endringar som AU instiller på å stemme over samla. Dersom ein ynskjer å stemme over nokon av desse kvar for seg, må ein melde ifrå til ordstyrarbordet/sekretariat kva forslag det gjeld (nr. på forslaget) før vi går til votering.

Endringsforslag 1:			
Linjenummer:	5	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Endre frå "institusjonen sitt styre" til "utdanningsinstitusjonen".			
Original tekst:			
Studentparlamentet skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor institusjonen sitt styre.			
Ny tekst:			
Studentparlamentet skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor utdanningsinstitusjonen.			
Grungiving:			
Parlamentet jobbar ikkje berre inn mot HVO sitt styre, men heile institusjonen.			

Endringsforslag 2:

Linjenummer:	8	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg: X	Endre:	Stryke:

Tekst:

Legg til "Fadderveka i Volda" som eit av dei underlagte organa.

Ny tekst:

Underlagt Studentparlamentet finst følgjande organ; Studentparlamentet, parlamentet sitt valde Arbeidsutval (AU), Studentrådet og Fadderveka i Volda.

Grunngiving:

Slik det er praktisert i dag ligger Fadderveka underlagt våra organisasjon, og det bør derfor vere nemnas på lik linje som dei ander ledda i organisasjonen.

Endringsforslag 3:

Linjenummer:	13-17	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Vedtektene er organisasjonen sine overordna, formelle reglar, og er styrande for all aktiviteten i Studentparlamentet. Vedtektene legg føringar og er styrande også for dei andre styringsdokumenta i organisasjonen. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal i Studentparlamentet, jf. § 2-7.

Grunngiving:

Språkleg tydeleggjering av tekst, samt at vi stryk korleis vedtektsendringar blir gjennomført frå denne paragrafen, og flyttar den delen av teksten ned til § 2-7 for å samle denne informasjonen under ein paragraf.

Endringsforslag 4:

Linjenummer:	35	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
<p>§ 2-5 Budsjett og økonomistyring. Budsjettet er Studentparlamentet sitt styringsdokument for den økonomiske drifta av organisasjonen. AU har ansvar for å utarbeide forslag til budsjett og leggje det fram for Studentparlamentet. AU har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane med inntill 5000 kr per semester. Større endringar må vedtakast av Studentparlamentet, som kan revidere budsjettet ved behov. Rekneskapet følgjer kalenderåret, og blir lagt fram for godkjenning ved første parlamentsmøte etter årsskifte.</p>			
Grungiving:			
Samle det som handlar om budsjett og rekneskap her under same paragraf, og kutte unødvendige detaljar.			

Endringsforslag 5:

Linjenummer:	55-68	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
Stryke heile § 3.			
Grungiving:			
Følge av fremja forslag 4 vil det vere nødvendig å kutte denne denne tekst delen. Då vil ein ikkje få tekst gjentatt. Ein får med forslag 4 ein tydelegare beskriving av korleis praksisen er per dags dato.			

Endringsforslag 6:			
Linjenummer:	44-47	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
<p>Ny tekst:</p> <p>§ 2-7 Endringar i styringsdokumenta.</p> <p>Endring i Studentparlamentet sine vedtekter og valreglement krev 2/3 fleirtal i parlamentet. Gjeldande vedtekter/valreglement blir lagt til grunn for endringar. Behandling av vedtekter og valreglement skal varslast to veker før møtet, og endringsforslag sendt ut saman med øvrige sakspapir ei veke før møtet, med innstilling frå AU. Det er mogleg for medlemmar i AU å ta ut dissens. Endringar i vedtekter og valreglement trer i kraft når endeleg dokument er vedteke, om ikkje anna er presisert i vedtaket. Dei øvrige styringsdokumenta kan endrast med ordinært fleirtal, og krev ikkje særskilt varsel for å bli behandla.</p>			
Grunngeving:			
<p>Rydding i tekst, og tydeleggjering av at det er vedtekter og valreglement som krev 2/3 fleirtal, medan dei andre styringsdokumenta berre treng allminneleg fleirtal (forretningsorden, budsjett, prinsippprogram, arbeidsprogram).</p>			

Endringsforslag 7:			
Linjenummer:	72	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
<p>Å delta i studentdemokratiet er eit tillitsverv. Medlemmar/varamedlemmar av Studentparlamentet, AU eller studentar valde av Studentparlamentet til råd og utval, kan bli stilt mistillitsforslag på i parlamentet.</p>			
Grunngeving:			
<p>Oppklaring av kven som kan bli stilt mistillit.</p>			

Endringsforslag 8:

Linjenummer:	77	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
Stryk setninga: Det er berre registrerte studentar i inneverande studieår som kan stille mistillitsforslag.			
Grunngiving:			
Overflødig informasjon. Det er AU og/eller medlemmar i parlamentet som stiller mistillitsforslag/fremjar sak om mistillit. For å bli valt til desse posisjonane, må ein vere student i Volda.			

Endringsforslag 9:

Linjenummer:	85	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Endre "i god tid" til "minst ei veke" før			
Original tekst: Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette i god tid før voteringsmøtet. Arbeidsutvalet vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med mindre dette møter motstand i Studentparlamentet.			
Ny tekst: Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette minst ei veke før voteringsmøtet. Arbeidsutvalet vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med mindre dette møter motstand i Studentparlamentet.			
Grunngiving:			
Presisering av tidsfrist for å melde mistillit. Dette vil gjere at ein ikkje kan tolke eller misforstå kva tydinga av tidsrommet er			

Endringsforslag 10:

Linjenummer:	101-108	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke: X

Tekst:

Endre/klargjere avsnittet, stryke deler av opprinneleg tekst.

Original tekst:

§ 5-2 Føremål

Studentparlamentet skal aktivt arbeide for å sikre studentane ved HVO sitt læringsmiljø og faglege utbytte. Dei ulike representantane i Studentparlamentet har ansvar for å forhøyre seg på sine respektive avdelingar om utfordringar og forbetringspotensiale på studiet. Studentparlamentet skal også handsame og gjere vedtak i saker som framkjem av organisasjonen sine styringsdokument, jf. § 2. Dette inkluderer arbeid med revidering, godkjenning og vedtak av Studentparlamentet sine vedtekter, prinsippprogram, budsjett og arbeidsprogram.

Ny tekst:

§ 5-2 Representantane sitt verkeområde. Representantane i Studentparlamentet har i oppgåve å representere studentane gjennom t.d. å forhøyre seg på sine avdelingar og studium om saker parlamentet handsamar, slik at parlamentet får fram studentane sine synspunkt. Representantane står fritt til å ta opp saker ein ønsker gjennom å spele dei inn til AU. Representantane gjer vedtak i saker AU førebur for parlamentet. AU står til ansvar ovanfor representante i studentparlamentet når det gjeld å følge opp saker og vedtak gjort av parlamentet.

Grunngeving:

Føremålet står omtalt i § 1 og treng ikkje gjentakast her. Viktigare å få fram kva oppgåver representantane har og kva vi forventar av dei.

Endringsforslag 11:

Linjenummer:	116	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg: X	Endre:	Stryke:
Tekst:			
Ny tekst Saker til sakslista må vere sendt til AU seinast 10 dagar før møtedatoen osv.			
Grunngiving:			
Presisering av at det er til AU ein skal sene saker til sakslista.			

Endringsforslag 12:

Linjenummer:	120	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
Stryk følgande linje: Innkalling til første møte i studieåret er gyldig om ho kjem seinast 7 dagar før møtedatoen.			
Grunngiving:			
Overflødig tekst, som gir AU moglegheita til å ikkje følgje vedtektene ved første møte. AU varslar kandidatar om møtedato slik at vi overheld 14-dagarsfristen også til første møte.			

Endringsforslag 13:

Linjenummer:	140	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Forslagsrett har medlemmar og varaer i parlamentet, samt AU. Andre studentar, observatørar eller gjestar kan få forslagsrett ved enkeltvedtak.

Grunngiving:

Det er ikkje gunstig at alle studentar automatisk har forslagsrett. Det vanlege er at ein om ein har eit forslag, og ikkje sit i parlamentet, må få ein i parlamentet til å fremje det. Det handlar også om å ansvarleggjere dei som faktisk er valde inn i parlamentet, og gi dei fleire rettar enn gjestar i møtet.

Endringsforslag 14:

Linjenummer:	161-165	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Ny tekst:

Ordstyrar i møtet styrer voteringsform og voteringsorden, j.f. Studentparlamentet sin forretningsorden. Val blir gjort som urneval (skriftleg/hemmeleg val) dersom ein av dei stemmeberettiga bed om det. Personval blir som hovudregel gjort som hemmeleg val. Teljekorps blir valt ved starten av møtet, og består av to personar. Vedtak vert gjort med allminneleg fleirtal der ikkje anna er nemnt.

Grunngiving:

Stryk at det skal brukast eigne stemmesetlar, sidan vi ikkje praktiserer det. Tydeleggjere også dei ulike røystemåtane.

Endringsforslag 15:

Linjenummer:	165-167	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Ny tekst:

Ved røysteliskap vert det først gjennomført omval. Om også dette endar med røysteliskap, får alle studentar som er til stades i rommet røysterett, forutan sekretariat og ordstyrar. Om heller ikkje dette omvalet, avgjer saka, blir ho utsett til neste møte.

Grunngiving:

AU instiller på å endre teksten her slik at den blir i tråd med gjeldande valreglement linje 49: at det først skal haldast omval, og så opne for at alle unnatt organisasjonskonsulent og ordstyrar får stemmerett.

Endringsforslag 16:

Linjenummer:	168-169	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Flytte gjeldande teksten til linje 139 der vi skriv om kven som har forlagsrett.

Grunngiving:

Opprydding av tekst.

Endringsforslag 17:

Linjenummer:	187	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg: X	Endre:	Stryke:

Tekst:

Ny tekst:

Studentparlamentet vel også ein nestleiar blant medlemmane i AU.

Grunngiving:

Dette er ei reell endring frå dagens vedtekter. No blir nestleiar vald internt i AU på første møte etter val av nytt AU. Når no nestleiar-vervet blir eit verv med noko meir betaling, er det viktig at valet blir gjort av parlamentet. AU ser føre seg at parlamentet først gjennomfører val til AU, for så å gjere eit val på nestleiar blant dei 4 AU-medlemmane som nettopp er valde. Den som blir vald til nestleiar, beheld oppgåvene sine som velferd/fag/info/internasjonalt ansvarleg, og er forventa å bruke meir tid på desse oppgåvene enn om ein ikkje var nestleiar. I tillegg har vi nestleiar sin stillingsomtale med oppgåver knytt til å avlaste leiar, steppe inn i leiars fråver, delta på leiingsmøter m.m. Dersom vil skulle lyse ut nestleiarvervet på linje med dei øvrige verva i AU, og velje det direkte, må vi gjere store endringar i stillingsomtalane til alle i AU. AU vurderer det som best at nestleiarvervet kjem på toppen av eit av verva i AU, og ikkje som eit sjølvstendig verv. Det kan også vere bra for Studentparlamentet over tid at det varierer kva for verv som har den ekstra nestleiarressursen.

Endringsforslag 18:

Linjenummer:	193	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Endre overskrift frå «§ 6-2 Føremål» til «§ 6-2 AU sitt verkeområde»

Grunngiving:

Meir presist enn "føremål" og er det same som er frem med forslag 10. Desse to bør derfor sjåast i samanheng.

Endringsforslag 19:

Linjenummer:	203-204	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X

Tekst:

Styrk følgende tekst:

Avtroppande AU-medlemmar leverer skriftlege rapportar om arbeidet i vervet for å sikre kontinuitet og gode overgangar ved val av nye medlemmar i AU.

Grunngiving:

Det blir sjeldan praktisert, og AU meiner det er viktigare å få til gode overgangar ved å møte og gå igjennom arbeidsoppgåver, utveksle erfaringar osv.

Endringsforslag 20:

Linjenummer:	206-209	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X

Tekst:

Stryk gjeldende tekst: Arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv etter kvart val av AU i Studentparlamentet ved å velje 208 ein nestleiar innbyrdes. Nestleiar fungerer som leiar i leiars fråvær og deltek på leiingsmøter 209 og andre forum der det opplevast naudsynt.

Grunngiving:

Konsekvens dersom endringsforslag 18, linje 187 blir vedtatt. AU er ferdig konstituert dersom nestleiar blir valt av Parlamentet. Dette forslaget må sjåast i samsvar med endringsforslag 21.

Endringsforslag 21:

Linjenummer:	209-210	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Setninga "Medlemmar i AU må vere registrert student hjå Høgskulen i Volda" vert foreslått flytta til linje 189.			
Grunngiving:			
Opprydding i dokumentet			

Endringsforslag 22:

Linjenummer:	228-229	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Original tekst: Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad.			
Ny tekst: AU bestemmer sjølv korleis dei gjennomfører interne møter, og skal som hovudregel møtast ein gong i veka. Det skal skrivast referat frå AU-møta.			
Grunngiving:			
Tydeleggjere møtefrekvens 1 gong i veka. AU kan behandle fortruleg informasjon som ikkje nødvendigvis skal vere offentleg. Difor føreslår AU å stryke setninga om offentleg tilgjengelege referat.			

Endringsforslag 27:

Linjenummer:	228-229	Forslag frå:	Trygve Taranger
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Original tekst:

Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad.

Ny tekst:

Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad, men arbeidsutvalet kan halde igjen enkelte saker som vurderes å innehalde fortruleg informasjon.

Grunngiving:

Motforslag til AUs forslag nummer 22. Det er forståelig å ønske å holde igjen fortrolig informasjon, men så mye som mulig bør fortsatt være tilgjengelig for offentligheten. Forslaget overlater hva som bør tilbakeholdes til arbeidsutvalgets diskresjon. Alternativt kan siste linjen i forslaget erstattes med "kan halde igjen informasjon som vurderes for å være fortruleg."

Endringsforslag 23:

Linjenummer:	240-255	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X

Tekst:

AU føreslår å stryke det som omhandlar Kontrollkomiteen, både her og elles i dokumentet der kontrollkomiteen er nemnt. AU vil kutte kontrollkomiteen.

Grunngiving:

Kontrollkomiteen har ikkje vore aktiv eller fungerande dei siste åra, og denne funksjonen er heller ikkje noko vi som studentdemokrati er pålagt å ha. Mange studentdemokrati har ikkje kontrollkomite. Det er eit lite attraktivt verv som krev at du ikkje er aktiv i nokon andre deler av organisasjonen vår. AU vurderer det slik at oppgåvene til kontrollkomiteen blir godt ivaretatt gjennom det ansvaret kvar og ein av medlemmane i

parlamentet, AU og organisasjonskonsulent har for å sikre at organisasjonen vår følgjer vedtatte styringsdokument.

Endringsforslag 24:

Linjenummer:	258-262	Forslag frå:	Au
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Original tekst:

Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som er bachelorgrad og mastergrad, samt årsstudium som gir 30 studiepoeng eller meir per semester. Funksjonstida fylgjer ordinært studieår, med mindre representanten fråtrer sitt verv som tillitsvald på tidligare tidspunkt av eige ynskje eller ved mistillit, jf. § 4. Vedkomande vert då erstatta av ein ny representant valt av klassen. Tillitsvalt har rett på attest frå Studentparlamentet.

Ny tekst:

Kvart heiltids studieprogram (årseiningar, bachelor- og mastergrad), vel ein tillitsvald og ein varatillitsvald for klassen/kullet. Valet kan gjennomførast ope, men skal gjennomførast som urneval om nokon i valkrinsen bed om det. Dei tillitsvalde vert valde for eit studieår.

Grunngiving:

Det står i opprinneleg tekst at tillitsvalde har rett på attest. Det treng vi ikkje vedtektsfeste. Kan også misforståast til å at ein har rett på det sjølv om ein har gjort ein elendig jobb. Må i tilfelle stå noko slikt som "Tillitsvalde kan be om attest for vervet". Stryke den delen som handlar om mistillit fordi Studentparlamentet ikkje kan stille mistillit til folk som ikkje er valde av parlamentet.

Endringsforslag 25:

Linjenummer:	274-276	Forslag frå:	Au
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
Det foreslås å styrke det som omhandlar dekanar på desse linjene			
Grungiving:			
Dekanane brukar ikkje møte. Det er fullt mogleg å invitere dei utan at det er vedtektsfesta.			

Endringsforslag 26:

Linjenummer:	278-294	Forslag frå:	Au
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Ny tekst:			
§ 10 Fadderveka.			
Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan søkje seg til styret for Fadderveka. AU han ansvar for søknadsprosessen og tilsetjing av fadderstyret. Fadderstyret består av 6 verv: Leiar, nestleiar, sponsoransvarleg, PR-ansvarleg, arrangementsansvarleg og fadderansvarleg.			
Grungiving:			
Dei andre detaljane i paragrafen treng ikkje stå i vedtektene, høyrer meir heime i stillingsomtalane til AU, fadderveka, org.kons.			

Del 2: Innkomne endringsforslag til valreglementet

Til voterings orden:

Endringsforslag: 1, 5, 7, 8, 9, 11 og 13 er mindre endringar som AU instiller på å stemme over samla. Dersom ein ynskjer å stemme over nokon av desse kvar for seg, må ein melde ifrå til ordstyrarbordet/sekretariat kva forslag det gjeld (nr. på forslaget) før vi går til votering.

Endringsforslag 1:			
Linjenummer:	9-11	Forslag frå:	Au
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Original tekst: Dei tre som ut ifrå prosentvis oppslutning får tredjeplass i sin avdeling, får tildelt plass som fri representant. Når dei faste representantane er på plass, vert vara-plassane fylt opp på tilsvarande måte.			
Ny tekst: Dei tre som ut i frå stemmeopplutning får flest stemmer totalt etter dette, får tildelt plass som fri representant. Når dei faste 11 representantane er på plass, vert varaplassane fylt opp på tilsvarande måte.			
Grunngiving:			
Klargjering og tydelegjering av gjeldande rutiner for dette.			

Endringsforslag 2:

Linjenummer:	41	Forslag frå:	Au
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Original tekst:

AU tiltrer i det dei blir valde.

Ny tekst:

AU tiltrer ved møteslutt.

Grunngiving:

Gjeldande reglement er at AU tiltrer umiddelbart. AU meiner det er uryddig å endre AU, og dermed potensielt samansetjinga av parlamentet (dersom nokon i parlamentet stiller til AU), undervegs i møtet, særleg med tanke på vidare avstemning.

Endringsforslag 3:

Linjenummer:	48-50	Forslag frå:	Au
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

AU instiller på å behalde opprinneleg tekst, men byte ut kontrollkomite med ordstyrar.

Original tekst:

Ved røysteliskap skal det haldast omval mellom dei berørte kandidatane. Studentparlamentet er valkrins. Resulterer også dette i røysteliskap, får AU og alle andre studentar som er til stades i møtet røysterett, forutan organisasjonskonsulenten og kontrollkomitéen.

Ny tekst:

Ved røysteliskap skal det haldast omval mellom dei berørte kandidatane. Studentparlamentet er valkrins. Resulterer også dette i røysteliskap, får AU og alle andre studentar som er til stades i møtet røysterett, forutan organisasjonskonsulenten og ordstyrar.

Grunngiving:

Mogleg endring som følge av kva som blir resultatet i avsteminga for forslag 15 i vedtektene.

Det bør vere same rutiner både ved val av AU andre saker, over kva som skjer ved røystelikskap og kven andre i rommet som får stemmerett etter omval. AU instiller på å behalde opprinneleg tekst her, men dersom forslag 15 i vedtektene fell, bør Studentparlamentet vurdere å endre teksten her slik at den er i tråd med formuleringa i vedtektene.

Endringsforslag 4:

Linjenummer:	60	Forslag frå:	Au
--------------	----	--------------	----

Forslagsform:	Tillegg: X	Endre:	Stryke:
---------------	------------	--------	---------

Tekst:

Legg til setningen «Eit einstemmig AU avgjer dette» på slutten av setninga på linje 60.

Ny tekst:

Blir ein student valt inn i AU same semester som det skal haldast ordinært val, treng ikkje vervet å lysast ut på nytt før året etter. Eit einstemmig AU avgjer dette.

Grunngiving:

Tydeleggjere at dette er opp til AU å gjere dette valet.

Endringsforslag 5:

Linjenummer:	64-67	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Omskriving av avsnittet. Ny tekst: Kvart heiltids studieprogram (årseiningar, bachelor- og mastergrad), vel ein tillitsvald og ein varatillitsvald for klassen/kullet. Ein vel ein tillitsvald og ein vara. Valet kan gjennomførast ope, men skal gjennomførast som urneval om nokon i valkrinsen bed om det. Dei tillitsvalde vert valde for eit studieår.			
Grunngiving:			
Tydeleggjere teksten			

Endringsforslag 6:

Linjenummer:	75	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
Stryk punkt b: valtidspunkt skal annonserast minst to dagar før valet vert gjennomført			
Grunngiving:			
Blir ikkje praktisert. Parlamentet kan uansett oppfordre til det utan at vi har det vedtektsfesta.			

Endringsforslag 7:

Linjenummer:	78	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
Original tekst: Kontorsjef og studieleiar er ansvarleg for dette.			
Ny tekst: Studieleiar eller programansvarleg er ansvarleg for dette.			
Grunngiving:			
Det blir feil slik det står i dag, at kontorsjef og studieleiar er ansvarleg.			

Endringsforslag 8:

Linjenummer:	87	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg: X	Endre:	Stryke:
Tekst:			
Legg til ei denne ledsetninga og setninga på linje 87: , og sit til det er gjennomført nytt val. Bestemmelsar knytt til verv som fylgjer verva i AU er spesifisert i § 4-3.			
Ny tekst: Representantane vert valde for eit studieår, og sit til det er gjennomført nytt val. Bestemmelsar knytt til verv som fylgjer verva i AU er spesifisert i § 4-3.			
Grunngiving:			
Klargjering			

Endringsforslag 9:

Linjenummer:	89-92	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:

Tekst:

Foreslått å skrive om teksten på linje 89-92.

Original tekst:

Valet vert gjennomført som urneval dersom ein i valkrinsen krev det. Akklamasjon og vanleg stemmegjeving er godkjent. Nokre av utvala har spesifikke krav om samansetjing knytt til t.d. kjønnsbalanse, personleg eller rekkjefylgje-vara osv. Studentparlamentet må sjå til å fylgje det enkelte utval sine retningslinjer i gjennomføringa av valet.

Ny tekst:

Valet vert som hovudregel gjennomført ved urneval (skriftleg, hemmeleg val). Valet kan godkjennast ved akklamasjon eller ordinær stemmegjeving, men må vere hemmeleg dersom ein stemmeberettiga bed om det. Studentparlamentet skal etterstrebe god kjønnsbalanse i utvala, og sørge for at vala oppfyller eventuelle spesifikke krav til samansetjing i det enkelte utvalet.

Grunngiving:

Klargjering av tekst, men ikkje endring i meiningsinnhald.

Endringsforslag 10:			
Linjenummer:	101-102	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
<p>Stryke begge setningane: Studentparlamentet er ikkje valkrins for studentrepresentantar til Høgskulestyret. Valet til Høgskulestyret er difor ikkje omfatta av Studentparlamentet sitt valreglement.</p>			
Grunngiving:			
Ta bort unødvendig tilleggsinfo.			

Endringsforslag 11:			
Linjenummer:	106	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre:	Stryke: X
Tekst:			
<p>Endre siste del av setninga til: Dette er regulert av stillingsomtalan til AU, som parlamentet har høve til å revidere kvart år.</p>			
Grunngiving:			
Klargjering. Parlamentet må ikkje, men kan revidere kvart år.			

Endringsforslag 12:			
Linjenummer:	106	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg: X	Endre:	Stryke:
Tekst:			
<p>Legg til følgande ny tekst på under linje 106: Avtroppande AU-medlemmar sit i sine respektive utval ut semesteret. Nyvalde AU-medlemmar kan møte som observatør til dei formelt tiltrer i utvalet ved starten på haustsemesteret.</p>			
Grunngiving:			
<p>Presisering av praksisen i dag. Hadde ein ikkje gjort det slik ville nye AU medlemmar hoppa rett inn eit nytt organ uten å nødvendigvis hatt noko erfaring med verksemda til organett. Dette forslaget sikrar noko opplæring for påtroppane AU-medlemmar.</p>			

Endringsforslag 13:			
Linjenummer:	115	Forslag frå:	AU
Forslagsform:	Tillegg:	Endre: X	Stryke:
Tekst:			
<p>Original tekst: b) Valet av studentrepresentantar til Studentsamskipnaden i Volda skjer på siste møtet i 116 vårsemesteret.</p> <p>Ny tekst: b) Val av styremedlemmar til styret i SiVolda (Studentsamskipnaden i Volda) blir gjennomført ila vårsemesteret.</p>			
Grunngiving:			
<p>Dette har dei siste åra vore lagt til mars-møtet, og ikkje april-møtet. Difor er det greitt å opne for meir fleksibelt tidspunkt i valreglementet.</p>			